

Viebøen borettslag i Førde kommune

Utbygger:	SFBB AL
Arkitekt:	Arki arkitektur as
Landskapsarkitektar:	Kari Johanne Flataker og Gyril Fimreite for Arki as
Totalentreprenør:	Åsen og Øverlid as



Viebøen borettslag er ei låg og tett utbygging av 42 bustader gruppert rundt 3 bilfrie tun. Det er lagt stor vekt på utarbeiding av detaljplanar for uteområdet. Dei låge betongmurane trappar seg som terrassar nedover det skrånande terrenget. Det er valt eit enkelt stakittgjerde i same farge som bygga for heile feltet. I tuna er det lagt opp til leik og opphald. Det er kome tilbakemelding på at dei felles uteområda er mykje brukt og at det blir sett pris på av bebuarane.

